



REFERAT

Vedlegg nr. 1

Styringsgruppa for Miljøløftet

Møte 6/2023 | Klokkeslett: 0900 - 1200 | Dato: 23.06.2023

Møtestad: Teams

Saksbehandlar: Aina Haugstad

Dato: 23.06.2023

	Navn	Part
<i>Møtedeltakarar</i>	Nina Bognøy	Varaordførar, Alver kommune
	Trine Lindborg	Ordførar, Bjørnafjorden kommune
	Ingrid Nergaard Fjeldstad	Byråd, Bergen kommune
	Vidar Davidsen	Utvalgsleder, Askøy kommune
	Kjell Kvingedal	Direktør, Statsforvaltaren
	Ingrid Dahl Hovland	Vegdirektør, Statens vegvesen
	Solveig Paule	Direktør, Jernbanedirektoratet
	Torill Selsvold Nyborg	Varaordførar, Øygarden kommune
	Jannicke Bergesen Clarke	Utvælsleiar, Vestland fylkeskommune
	Aina Haugstad	Sekretariatsleiar, Miljøløftet
<i>Andre deltagarar</i>	Nils Magne Slinde	Statens vegvesen
	Kristian Hella Bauge	Statens vegvesen
	Ørjan Raknes	Alver kommune
	Anne Iren Fagerbakke	Bergen kommune
	Roald Aandahl	Bergen kommune
	Eva Herdlevær	Askøy kommune
	Rune Haugsdal	Vestland fylkeskommune
	Jostein Fjærstad	Vestland fylkeskommune
	John Martin Jacobsen	Vestland fylkeskommune
	Torill Klinker	Vestland fylkeskommune
	Dina Lefdal	Vestland fylkeskommune
	Astrid Håvik	Jernbanedirektoratet
	Malin Lerudsmoen	Statens vegvesen
	Ragnhild Dalsbø	Vestland fylkeskommune
	Anders Kjetland	Miljøløftets sekretariat
	Erlend Bjerke Otterå	Miljøløftets sekretariat
	Eva Mari Pettersen	Miljøløftets sekretariat

DAGSORDEN

Saksliste byvekstavtale Bergensområdet

- Sak 62/23 Godkjenning av innkalling og saksliste
- Sak 63/23 Godkjenning av referat frå møtet i styringsgruppa 25.05.2023
- Sak 64/23 Økonomirapportering per 1. tertial 2023
- Sak 65/23 Tilskot til reduserte billettprisar på kollektivtrafikk
- Sak 66/23 Kostnadsgjennomgang av prosjekt på E39 Sykkelsstamveg Bergen, delstrekning 2-5
- Sak 67/23 Kollektivprioritering på innfartsårer
- Sak 68/23 Oppdaterte tal på trafikktryggleik
- Sak 69/23 Eventuelt byvekstavtale Bergensområdet

Saksliste bypakke Bergen

- Sak 70/23 Bypakke Bergen: Oppstart prosjektering byggetrinn 5, bybanen
- Sak 71/23 Bypakke Bergen: Oppdatert analyse av handlingsrom i bypakke Bergen
- Sak 72/23 Eventuelt Bypakke Bergen

Saksliste byvekstavtale Bergensområdet

Sak 62/23 Godkjenning av innkalling og saksliste

Sekretariatet meldte om ei endring i sak 71/23 Framtidige bompengeinntekter i Bypakke Bergen 2024-2037: I møtepapira som vart sendt ut i forkant av møtet, blei det referert til ei sak 71/22, der det skulle vore referert til sak 57/22 Handlingsrom i Bypakke Bergen 2023-2037. Dette har blitt korrigert i etterkant, og riktig versjon ligg no på nettsidene til Miljøløftet.

Vedtak: Innkalling og sakliste er godkjend.

Sak 63/23 Godkjenning av referat frå møtet i styringsgruppa 25.05.2023

Vedtak: Vedlagt referat er godkjent.

Sak 64/23 Økonomirapportering per 1. tertial 2023

Ingrid Dahl Hovland innleia med å understreke at det er viktig at økonomirapporteringa er god. Ho understreka og at rapporteringsfristane og -rutinane må haldast, for at sekretariatet skal kunne levere gode saker til møta. Ho spurde også etter sluttprognose for bybanens byggetrinn 4.

Eva Pettersen, sekretariatet, orienterte om tertialrapporten. Samla sett for byvekstavtalen ligg det an til eit mindreforbruk på 181 millionar kronar. Av desse er 127 mill. knytt til post 66 og 73,9 mill. til post 30 på kommunal og fylkeskommunal veg (teknisk sett post 66). Det er også meldt om avvik som påverkar handlingsrommet i porteføljen (sjå sak 66/23).

Det blei understreka at det i rapporteringa på Post 66 – Regjeringens bompengeforlik bedre kollektivtilbud, er lagt inn ein prognose som tilseier bruk, sjølv om det førebels ikkje er avklart korleis desse pengane skal nyttast, utover at dei skal gå til bybanen.

På Post 66 – Regjeringens bompengeforlik, reduserte billettprisar til kollektivtrafikk har det blitt gjort ei endring etter rapportering til tertialrapporten og avviket er derfor mindre (sjå sak 65/23).

For Bypakke Bergen er det meldt inn eit lågare rekvireringsbehov enn prognosene for netto bompengeinntekter. Dette er i tråd med ønsket om å betale ned gjeld.

I denne rapporteringa har ikkje kommunane rapportert på sin bruk av belønningsmidlar.

Ein auke i tal prosjekt, saman med at prosjekta består av fleire finansieringskjelder, er medverkande årsaker til at sekretariatet vil ta initiativ til revidering av rutinane for økonomirapportering til hausten.

Malin Bismo Lerudsmoen, Statens vegvesen, meldte om at vegvesenet har bestemt å redusere tildelinga av belønningsmidlar for 2023 med 25 millionar kroner. Dette er basert på prognosane frå økonomirapporteringa. Bakgrunnen er at det i samband med nysalderinga i desember 2022 vart vedteke ein reduksjon i 2023 på til saman 50 mill. for byvekstavtalene på post 66. Reduksjon i tilskotet for 2023 vil bli utbetalt på eit seinare tidspunkt ut frå tilbakemelde behov for midlane.

Vedtak: Styringsgruppa tek saka til orientering.

Sak 65/23 Tilskot til reduserte billettprisar på kollektivtrafikk

Rune Haugsdal, Vestland fylkeskommune, presenterte. Det blei vist til vedtak i styringsgruppa i januar (sak 6/23) der det blei bestemt at 16 millionar kroner frå fondet skulle nyttast til reduserte takstar for dei første seks månadene av 2023. Takstane skulle hevast 1. juli, men i Fylkesutvalet 7. juni (PS 148/2023), blei det gjort vedtak om at takstfrysen skulle halde fram ut 2023. Saka blei lagt fram med forslag om at dei ytterlegare 16 millionane blir belasta på same måte som dei 16 første. Slik blir fondet redusert frå 34 millionar, til 18 millionar kroner.

Vedtak: Styringsgruppa sluttar seg til Vestland fylkeskommune sitt framlegg til bruk av «Post 66 regjeringens bompengeavtale til reduserte billettpriser på kollektivtrafikk», med forlenga takstfrys ut 2023.

Sak 66/23 Kostnadsgjennomgang av prosjekt på E39 Sykkelstamveg Bergen, delstrekning 2-5

Kristian Hella Bauge, Statens vegvesen, presenterte. Endringane i desse prosjekta kjem utanom rulleringa av handlingsprogrammet, men vegvesenet ser likevel behov for å orientere styringsgruppa på dette tidspunktet. Det er særskilt Delstrekning 2 Nesttun – Skjold som har behov for avklaring, ettersom tiltaket snart er klart for utlysing.

Nokre av prosjekta har fått høgare kostnadsberekingar, og det blei lagt fram fleire forslag for å redusere dei totale kostnadene. Eitt forslag vil vere å dele Delstrekning 3 Nesttun – Fjøsanger i to ved Hop. Framtidig ringveg aust kan påverke trasévalet på strekninga Hop - Fjøsanger. Dette grepet vil føre til at denne strekninga blir skyvd ut av avtaleperioden, men kan vere del av ei framtidig reforhandling av avtalen. Dette grepet kan kutte 112 millionar, som dermed kan omprioriterast til for eksempel Nesttun - Skjold.

På delstrekning 2 Nesttun - Skjold, var det lagt fram tre forslag til tiltak for å redusere kostnader: 1. Ta ut strekket Nesttunbrekka frå prosjektet. Dette er eit strekk det er vanskeleg å få realisert innanfor det som i dag er regulert. 2. Halde fram arbeidet med å kutte så mykje som mogleg i prosjektet, utan at det går ut over trafikktryggleik og måloppnåing. 3. Dele prosjektet opp i to delstrekningar ved Fana Blikk, og med det ha moglegheit til å bygge berre ein av strekningane. Her blei det presisert at det allereie er samla seg kostnader i førebuande arbeid som grunnerverv og prosjektering.

Det er Statens vegvesen si tilråding at Delstrekning 3 Nesttun – Fjøsanger blir delt i to, og at strekninga Nesttun – Hop blir prioritert. Delstrekning 2 blir realisert i sin heilskap, men med dei kuttforsлага som ligg i punkta 1 og 2. Prosjektet er vurdert til å ha svært god måloppnåing ved å binde saman to bydelssenter, gi betre trafikksikring for mjuke trafikantar i eit fortettingsområde.

Ingrid Nergaard Fjeldstad, Bergen kommune, peika på at det er uheldig at saka blir lagt fram så kort tid etter handsaminga av handlingsprogram 24-27, og at det derfor blir krevjande å gi tilslutning til forslaget i dette møtet. I samband med handsaminga av handlingsprogrammet, vedtok Bergen bystyre at Sykkelstamveg Bergen, delstrekning 4 er eit viktig prosjekt som bør gjennomførast uavhengig av framdrift og realisering av Ringveg Øst. Regulering av området rundt Fana Blikk skal handsamast i byrådet i neste veke, så her vil meir informasjon vere tilgjengeleg over sommaren. Byråden forstod ønsket om framdrift

for prosjektet, men bad om at det blir arbeidd vidare med saka i samarbeid med Bergen kommune, og at det blir lagt fram eit nytt forslag, som òg kan forankrast lokalt i forkant.

Jannicke Bergesen Clarke, Vestland fylkeskommune, meldte om at Fylkestinget har gjort eit vedtak om å rå til å vente med Sykkelstamveg Nesttun – Fjøsanger, men heller jobbe vidare med dei andre sykkelstamvegprosjekta.

Vedtak: Statens vegvesen går i dialog med Bergen kommune og legg fram ny sak for styringsgruppa i neste møte.

Sak 67/23 Kollektivprioritering på innfartsårer

Nils Magne Slinde, Statens vegvesen, presenterte. Prosjektorganiseringa er bestemt og jamfør framdriftsplanen skal prosjektet sluttførast sommar 2024. Ettersom det er mål om at erfaringane frå prosjektet skal kunne nyttast i andre deler av landet, er det etablert ei større intern referansegruppe med brei geografisk involvering. Miljøloftet ved prioritieringsrådet og styringsgruppa blir ekstern referansegruppe.

Vedtak: Styringsgruppa tek saka til orientering.

Sak 68/23 Oppdaterte tal på trafikktryggleik

Sigurd Løtveit, Statens vegvesen, presenterte utviklinga i trafikksikkerheit nasjonalt og i Bergensområdet. Utviklingstrenden over tid er noko på etterskot, det var fleire drepne og hardt skadde i 2022 samanlikna med prognosene, og utviklinga ligg an til at det blir mange også i år. For syklistar har det vore ein auke i tal drepne og hardt i storbyområda, mens tala har gått ned utanfor byene. Desse tala omfattar også elsparkesyklistar.

Jannicke Clarke viste til diskusjonar i Trafikktryggleiksutvalet, rundt at auken i mikromobilitet og fleire gåande og syklande kan påverke nullvisjonen.

Vedtak: Styringsgruppa tek saka til orientering

Sak 69/23 Eventuelt byrekstavtale Bergensområdet

Oppmoding om innkalling av reguleringsplan

Solveig Paule, Jernbanedirektoratet, orienterte om at Bane Nor har sendt ein førespurnad til Samferdselsdepartementet der dei oppmodar om innkalling av reguleringsplan.

Opning av jernbaneterminal på Nygårdstangen

Solveig Paule, Jernbanedirektoratet, orienterte om at godsterminalen på Nygårdstangen blir opna 29. august 2023. Styringsgruppa vil bli invitert.

Utlýsing på bygging av sykkelstamvei, delstrekning 6 Bradbenken – Glas Knag

Statens vegvesen meldte at utlysinga no ligg i Doffin og at det er venta kontraktsignering i februar/ mars 2024.

Oppstart KS2 Fløyfjellstunnelen

Malin Bismo Lerudsmoen, Statens vegvesen, orienterte om brev frå Samferdselsdepartementet der vegvesenet blir beden om å førebu naudsnyt grunnlagsmateriale for at KS2 for Fløyfjell nord og sør kan starte opp. Det blir presisert at det er viktig at kvalitetssikringa i dei ulike delprosjekta i bybaneprosjektet er koordinert. Vegvesenet vil ha dialog med Bergen.

Revidert Nasjonalbudsjett

Malin Bismo Lerudsmoen, Statens vegvesen, orienterte. I det reviderte nasjonalbudsjettet er det årlege statlege bidraget til store kollektivprosjekt auka frå 66 til 70 prosent. Dette gjeld det statlege tilskotet som blir utbetalt etter framdrift, over post 63. Dette vedtaket vil ikkje har tilbakeverkande kraft, og gjeld dermed ikkje for bybanens byggetrinn 4. Det vil gjelde for pågåande og framtidige prosjekt, og vil derfor vere aktuelt for byggetrinn 5.

Saksliste Bypakke Bergen

Sak 70/23 Bypakke Bergen: Orientering om inngåing av Prosjekteringskontrakt for Bybanen byggetrinn 5

Jostein Fjærrestad, Vestland fylkeskommune, orienterte. Bybanen utbygging har inngått ein prosjekteringsavtale som har ei ytre ramme på over 1 milliard. Det er viss alt som er regulert, blir bygd. Organisasjonen tek førebels utgangspunkt i vedtak om finansiering frå bypakke Bergen i desember 2022. Det er utarbeidd ulike prosjekteringspakker for trinna som ligg føre. Dei ulike pakkene er tredelt: Konseptfasen (tidlegfase) blir belasta etter timer, Detaljprosjekteringen blir avtalt etter fastpris, mens oppfølging etter bygging blir belasta etter timer. Her er det gjort anslag på forventa forbruk. Avtalen er utforma for å kunne ha fleksibilitet ved gjennomføring.

Ingrid Nergaard Fjeldstad, Bergen kommune, minna om at bybanen er regulert til Vågsbotn og uttrykte bekymring for oppdeling i delstrekningar. Det er viktig for Bergen å få være med i desse diskusjonane og at gode prosessar er viktig. Ho minna og på at kutt ikkje skal gjerast før etter ferdigstilling av KS2.

Vestland fylkeskommune kunne bekrefte at dei planlegg for involvering av kommune.

Vedtak: Styringsgruppa tek saka til orientering.

Sak 71/23 Bypakke Bergen: Oppdatert analyse av handlingsrom i bypakke Bergen

Ragnhild Dalsbø, Vestland fylkeskommune, orienterte. Dette er ei analyse som sist var lagt fram i september 2022, som no er oppdatert etter at reverseringa av elbiltakstane trådde i kraft, og oppdatert med faktisk prisvekst i 2022 og forventa prisvekst i 2023.

Saka inneholdt ikkje forslag til tiltak. Det er ønskeleg med inntekter til bompengepakka for at prosjekta som ligg inne, kan bli realisert. Det er einigkeit om at det bør takast nokon grep, men og at det er behov for gode prosesser rundt dette.

Forslag til vedtak: Styringsgruppa tek saka til orientering.

Sak 72/23 Eventuelt Bypakke Bergen